

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. I.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Endal- Davik

Oppskr. av: H. Aardalsbakke


Gard: Endal, Askeland, Davik

(adresse): Davik

G.nr. 15-24 Br.nr. Alle

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eiga røynsle og noko etter oppskrift.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Tidl.gbr. Kristen Askeland, 80 år.

## SVAR

1. Etter det eg kan få opplyst og kjenner til er ordet ard og plog brukt om ein annan utan at det var nokon skilnad på dei. Før brukte ein ordet ard. No er det berre ein og annan av dei eldre som nyttar det namnet.
2. Nei. Det er ingen som kjenner til at den var brukt til å mylde ned kornet med. Til det brukte ein dels grev, men helst mylderive, og seinare brukte dei horv-led-horv dei kalla. Overdelen var av tre og samansett av fleire stykke, slik at den retta seg ~~etter mark~~ åkeren om det var bratt eller ujamt
3. No brukar ein vanleg plog når ein skal fore opp for potetene. Før brukte ein å grave opp forene for potetene med grev. Ein strakte då opp ei snor som ein grov etter. Til å hyppe med brukar ein no hestehakke eller ein serskilt hyppeplog. Kjenner ikkje til at ein skill millom ard og plog. Tidlegare brukte ein grev til å hyppe med, og det er endå delvis brukt, vissa der åkren er bratt.
4. Her er ingen i bruk som svarar til vedlagde teikningar, men den som var i bruk svarar helst til fig. 8.
5. Sovidt ein kjenner til var skjekene ikkje feste til ploget direkte. Skjekene kalte dei drette. Det var tidlegare laga heilt av tre og såg omlag så ut:
- 

- og var festa til plogen med vidjar. Det brukte dei til alle slags plogar og horv.
6. Slire, ås, vangsne, skjær, veltefjøl.
7. Kjenner ein ikkje til.
- 8 Ja arden hadde veltefjøl av tre.
9. Nei.
10. Nei, den vart nok ikkje regulert som på 3 c. Dei fleste kunne dei vist ikkje regulere, men på sume var det fleire hol i fremste del av slira og så hol i åsen, Gjenom åsen og slira sette dei så ein nagle av tre. På den måten kunne dei heve og senke åsen og på den måten regulerte dei kor djupt den skulle gå.
11. Nei ikkje no. Det er helst typene 5-8 som har vore brukte på desse kanter, Sume hadde kniv. Veltefjølene var av tre og ikkje stilbare.
12. Vart for det meste laga på gardane.
13. No vert det berre brukt moderne fabrikkplogar. Dei vart tekne i bruk i nittiåra. Heimelsmannen min fortel at den fyrste dei fekk utanbygds vart kjøpt frå Sogn og skulle koste omlag kr. 16.
14. Nei den er ikkje i bruk no. Veltefjøla var flat og heilt av tre. Sålen var av tre, seinare av jarn.
15. Nei, det var helst grev dei brukte å renske veltefjøla med. Spadane var av tre som ei snøreke, men fremst framme var det nagla fast ei jarnplate
16. Velte plogen over på den sida der veltefjøla var
17. Det er ikkje kjent.
18. Ja, ein hadde som oftast ein høgre og ein venstre-plog. Så brukte ein helst ein kvart år. Hadde dei berre ein plog, kom dei til å føre for mykje mold til den eine sida av åkren. Dette ungjekk ein når *dei brukte* høgre og venstreplog annakvart år. Då ein tok til å kjøpa fabrikkplogar, fekk ein dei såkalla vende-plogar

Dei snudde då velte om og pløgde både fram og attende, men desse er ein ~~no~~ for det meste slutta med no, helst av den grunn at veltefjøla var for lita.

- 19. Kor djupt dei skulle gå regulerte dei som nemnt under punkt 10. På dei gamle plogane var det korkje hjul eller slepesko.
- 20. Nei det var det ikkje.
- 21. Nei ,det er ikkje kjent.
- 22 Nei, det er heller ikkje kjent.
- 23. Har ikkje vore i bruk her så vidt eg kan skyna .

Som før nemnt er namnet ard og plog brukt om ein annan. No høyrer ein mest ikkje ordet ard brukt. Namnet plog nyttar ein om både dei som velter jorda berre til ein kant-og dei er dei mest brukte no- og om vendeplogane. Ard uttalast ar og er brukt som hankjønn. Plog uttalast plog.

1549

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING